

NOTAT– planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2020 – 2050


23.05.2018

Dette notatet beskriv kva som på dette tidspunktet ser ut til å bli hovudutfordringar i kommuneplanen sin arealdel. Dette er å betrakte som eit førebels oppsett og kan vere grunnlag for drøfting i møta i utval for areal og samferdsel 06.06.18 og regionalt planforum 12.06.18.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er under arbeid, og vil vere førande for arealdelen. Mykje av datagrunnlaget, som til dømes befolkningsprognosar og oversiktsdokument for folkehelse, vil vere det same. Når det gjeld arbeidet med informasjon og medverknad er ein inne i eit «godt spor», og omfanget og tiltaka vil bli endra og tilpassa arbeidet med arealdelen.

Synar og til meldingssak «NOTAT– planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2020 – 2040» som er sendt utvala, formannskap og kommunestyre til møta i juni 2018.

PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, BØMLO KOMMUNE



1. Bakgrunn for planarbeidet:

I gjeldande planstrategi for Bømlo kommune 2014-2018 vedteken i kommunestyret 19.09.16 er det vedteke at kommuneplanen skal rullerast i 2017. Planprogrammet for rulling av samfunnsdelen vart vedteken i kommunestyret 19.03.18 (sak 19/2018).

2. Føremål

Kommuneplanen sin arealdel skal gi hovudtrekka i arealdisponeringa og rammar og vilkår for kva tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk. I tillegg skal arealdelen vise kva omsyn som skal takast ved disponering av areala.

3. Føresetnad for planarbeidet

Lover, forskrifter og stortingsmeldingar

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan i medhald av plan- og bygningslova (PBL) §11-13 og kommunelova §5. PBL set rammer og stiller krav til gjennomføring av planarbeidet. Lovas formålsparagraf §1-1, §3-1 og § 11,1-18 er viktige rammer for arealdelen i kommuneplanen.

Etter pbl. kap.4-2 annet ledd er det krav om konsekvensutgreiing av alle større endringar i arealdelen. Dette gjeld nye tiltak i plankartet.

Føringane i samfunnsdelen vil leggjast til grunn for endringane som vert gjort i nytt kommuneplankart og føresegner. Desse føringane vil også gjelde for vurdering og utsiling av innspela til kommuneplanen sin arealdel.

I tillegg til nemnte lover grip fleire andre lover, særlover og forskrifter inn i arbeidet. Det gjeld naturmangfaldslova, friluftsløva og planretningslinene for forvaltning av strandsona langs sjøen.

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging:

Regjeringa har samla nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging i kongeleg resolusjon av 12.06.15. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planlegging i kommunane og dei skal bidra til at kommunane tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga.

Forventningane er sentrert rundt desse tema:

Gode og effektive planprosessar

- Målretta planlegging
- Auka bruk av IKT i planlegginga

Berekraftig areal- og samfunnsutvikling

- Eit klimavennleg og sikkert samfunn
- Aktivt forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
- Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse

Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Eit framtidsretta og miljøvennleg transportsystem
- Levande by- og tettstadsenter
- Helse og trivsel

Desse forventningane er óg gjeldande for samfunnsdelen.

Regionale føringar

Regional planstrategi vart vedteke i Fylkestinget 12.12.2012. Arbeidet med rullering er starta opp. Her er desse utviklingstrekk for Hordaland teke med:

- endringar i nærings- og yrkesstruktur
- auka sentralisering med vekst i Bergen
- ein eldre arbeidsstyrke
- større bu- og arbeidsregionar
- miljø- og klimaendringar
- aukande ulikskapar blant distriktsområda, avhengig av kor godt dei vert integrert i robuste regionar
- befolkninga vert stadig mindre fysisk aktive
- strandsona er under press og dyrka mark vert framleis omdisponert
- Dyrka mark ver framleis omdisponert

Nokre viktige regionale planar:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel 2015-2026

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle

Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur

Regional transportplan 2013-2024

Regional næringsplan 2013-2017

Regional plan for klima og energi 2014-2030

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Fylkesdelplan for små vasskraftverk. 2009-2021

...

<http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-planar---oversikt/>

Ved utarbeiding av kommunale planar må ein ta omsyn til dei til ei kvar tid gjeldande regionale planane.

Nokre viktige lokale føringar:

- Vedteken planstrategi
- Vedteke planprogram for samfunnsdelen til ny kommuneplan
- Kommuneplanen sin samfunnsdel (2019)
- «Folkehelse i Bømlo kommune», oversiktsdokument status pr. 2015 / 2016

4. Praktisk samarbeid – Bømlo og Stord

Bømlo og Stord kommunar søkte på fylkesmannen sine skjønnsmidlar og fekk i april 2018 tilslag på NOK 300.000,- under prosjektnamnet «Samskaping i planarbeid» (sum for 2018; kan søke om same sum i 2019). Samfunnsplanleggjarane Andreas Moe Larsen (Stord) og Alf Helge Greaker (Bømlo) jobbar vidare arbeidet med prosjektet. Det aktuelt å nytte desse midlane til kompetanseheving og seminar for dei folkevalde og administrasjon på arealrelaterte tema kor Stord og Bømlo har felles planutfordringar og moglegheiter. Det gjeld til dømes klima, arbeidsmarknad, transport og attraktive lokalsentra.

5. Hovudtema i ny kommuneplan:

Basert på godkjent planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel pkt. 4.2.1., er desse:

- A. Langsiktig arealbruk og framtidsretta bustadbygging
- B. Næringsliv og sysselsetting
- C. Digitalisering
- D. Areal, transport og infrastruktur
- E. Oppvekst og opplæring
- F. Kultur, og idrett
- G. Miljø, naturmangfald, friluftsliv og klima
- H. Ei framtidsretta helse og omsorgsteneste
- I. Mobilisere frivillige

Desse hovudtema vil gå igjen i samfunnsdelen og arealdelen, med atterhald om ei anna kapittelvis namngjeving og inndeling i dei endelege plandokumenta.

5. Tematiske utfordringar spesielt for arealdelen

Det godkjente planprogrammet for samfunnsdelen slår fast tre grunnleggjande prinsipp og tre satsingsområde som blir vidareført for arealdelen: all planleggjing skal vere berekraftig med omsyn på klima, natur, menneske og økonomi. All planleggjing skal gjerast med omsyn på folkehelse. Der ein manglar kunnskap om konsekvensar skal ein nytte «føre var»-prinsippet.

- Naturfare og klimatilpassing. Ein skal ha fokus på potensiell naturfare ved vurdering av alle nye byggjeområde i arealdelen. Dette gjeld både nye og eksisterande byggeområde. Områda må

vurderast i høve til naturfare som ras, flaum, vind og stormflo. Alle kjende aktsemdområde for naturfare må innarbeidast i plankart med omsynssone.

- Folkehelsefremjande planlegging skal integrerast i både bustadpolitikk og arealforvaltninga forøvrig.
- Det bør leggjast til rette for ny bustadbygging der veg, vatn, avløp, skule og nærmiljøanlegg er på plass. Ein bør søke å unngå utbyggingar som føre til nye felles private vassverk jf. ny drikkevassforskrift.
- I arealdelen bør det vurderast om einskilde urørte byggjeområde avsett til bustad og fritid kan tilbakeførast til LNF. Dette gjeld der det er overkapasitet og der arbeidet med reguleringsplan ikkje er starta.
- Senterstrukturen i Bømlo kommune. Ein bør i samsvar med regional plan for attraktive senter definere kommunesenter, lokalsentra og evt. nærsentra. Det er i gong moglegheitsstudie/plananalyse for Svortland, Moster og Langvåg. Desse kan vere gje eit grunnlag for reguleringsplanar
- Det bør satsast på funksjonsblanda fortetting i sentrumsområda, kommunesenteret og som i lokalsentra. Dette er viktig for å få fremje folkehelse og redusere klimagassutslepp. Fortetting handlar óg om å tilføre sosiale kvalitetar, som arealbruken skal medverke til.
- Betre gang- og sykkeltilhøve i og ikring kommunesenter og lokalsentra er eit satsingsområde i ny kommuneplan. Bømlo skal følgje opp dei regionale og nasjonale målsettingane på dette området.
- Friluftsliv er viktig- og blir viktigare. Satsing på friluftsliv og legga tilhøva best mogleg til rette for fysisk aktivitet i arealplanlegginga. Viktig å ta vare på samanhengande grønstruktur i og nær bustadområda i kommunen. Viktig å ta vare på større område som ikkje er utbygd.
- Sikring av ubebygde holmar, øyar og skjær for ålmenta er ei viktig målsetting i planarbeidet. Vidareføre at desse framleis skal vere LNF-område.
- Sikra tilstrekkeleg næringsareal. Næringsaktivitet må ha prioritet og ha tilgang på eigna areal. Særleg har ein sett at det er viktig å legge til rette for utviding av eksisterande industriområde og finne nytt næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Etablering av fiskerihamn i Hovlandshagen er stort tiltak som er svært viktig for utviklinga av Bømlo kommune som fiskerikommune. Utbygging av industriområde i Rubbestadneset er viktig for næringslivet i kommunen.
- Utbetring av fylkesvegane er eit viktig satsingsområde i Bømlo. Det er viktig å få gjennomført tiltaka i Bømlopakke 1 og 2.
- Lokale identitetar i Bømlo må takast vare på. Dette gjeld blant anna Røyksundkanalen, Kulleseidkanalen, Siggjo friluftsområde, Brandasund kulturmiljø, Moster Amfi og Moster gamle kyrkje, Espevær og landskapsverdiar Spissøy-Gassasundet.

- All utbygging i strandsona må ha som grunnleggande prinsipp at det må leggjast til rette for ålmenta langs stranda.
- Ein bør tydeleggjere og fastsetje tenlege byggegrenser mot sjø i kommuneplanen. Det må rettast opp i føresegner og plankart slik det er samsvar i byggegrensene til sjø mellom det som plankartet viser og det som føresegnene fastsett.
- Utbygging i strandsona skal skje i samsvar med statleg planretningsline for strandsoneforvaltning. Nye fritidsbustader må bort frå strandsona. Bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå strandsona, med evt. fellesanlegg til sjø
- I arbeidet med ny kommuneplan bør det gjerast ein gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar i Bømlo. Ein bør avklare kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde og sørge for at vedtekne reguleringsplanar framleis er i samsvar med kommuneplanen og med nasjonale og regionale inetresser og mål.
- Få etablert fleire småbåthamner
- Ein bør ha som målsetting og sikre tilkomst til sjø. Spesielt kring lokal- og nærsentra blir dette viktig for å gjere desse meir attraktive.
- Dyrka eller dyrkbare areal må ikkje byggjast ut. Eit arealrekneskap må på plass.
- Kulturhistorie er viktig. Kulturvern gjennom bruk. For å ta vare på verneverdige bygningar, som ofte ligg i strandsona, er det viktig at desse bygningane kan brukast til næringsaktivitet. Verneverdige sjøbruksmiljø bør leggjast inn i ny arealdel med omsynssone bevaring kulturmiljø.
- Kulturminneinteressene i kommunen. Tiltak som vedkjem kulturminne eller omgjevnadane til kulturminne, skal få ei estetisk utforming som tek vare på omsynet til kulturminnet. Tiltak som vedkjem kulturminne skal prosjekterast og utførast slik at det har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv, i høve til funksjon og i høve til dei bygde- og naturlege omgjevnadane og plassering.
- Lokale identitetar i Bømlo skal takast vare på og nyttast.
- Område avsett til LNF-kan område der spreidd bustadbygging kan tillatast, må avgrensast/strammast inn i ny kommuneplan.
- Kommunen skal vere ein pådrivar for betre busstilbod mellom nærsentra, kommunesenter og regionsenter.
- Sentrumsområda skal bli tilknytt turområde med tilrettelagde turveggar. Det bør vere ei målsetting å legge til rette for etablering av lysløype også i lokalsentra.
- det må vurderast om det finst nye område for massedeponi.
- I arealdelen bør ein vurdere nye lokaliteter for oppdrett av laks og aure m.m. I dette arbeidet må ein ha tett dialog med oppdrettsnæringa og lokale fiskarar sine organisasjonar. Ein må legge til

grunn berekraftig og lønnsam utvikling innan akvakultur. Her må regional kystsoneplan vere med i vurderingane.

- I arbeidet med ny kommuneplan må tidlegare innsendte innspel til interkommunal strandsoneplan verte vurdert på nytt.
- Registreringa av kulturhistoriske landskap med nasjonal verdi bør vurderast innpassa med omsynssone i ny arealdel.
- Vurdera barnetråkk/kulturhistoriske løyper
-